



Sør-Fron kommune

Plan og bygning

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Vår ref.
18/15406

Dykkar ref.

Arkiv
S82

Dato
18.10.2018

Nasjonal ramme for vindkraft på land - innspel frå Sør-Fron kommune

Vi syner til brev av 08.06.2018 og 05.09.2018, med invitasjon om å gi faglege innspel om viktige regionale interesser i samband med kartlegging av potensielle område for vindkraft.

Stutt om bakgrunnen for saka:

NVE har fått i oppdrag av Olje- og energidepartementet å identifisere dei mest eigna områda for vindkraftutbygging på land. Eitt av dei 43 analyseområda, område 8, ligg delvis i Sør-Fron kommune, og kommunen er bede av NVE om å kome med relevant fagleg informasjon om området. Eventuelle inngrep vil bestå av mellom anna vindmøller og tilhøyrande infrastruktur, som vegar o.l.

Faglege vurderingar/innspele:

Innafor område 8 finn ein spor etter omfattande jernutvinning, særleg rundt Skåbuområdet i Nord-Fron kommune, og seinare bergverksverksemd i dalsida langs Espedalsvatnet og den såkalla Verksodden i Sør-Fron kommune, med si unike nikkilverksemd.

Her er også lange rekkjer med fangstgroper, dei fleste er truleg anlagt i løpet av vikingtid og middelalder, sjølv om det kan forekomme groper som er anlagt så langt attende som yngre steinalder. Her er store delar av elgfangstlandskapet Dokkfløy-Murudalen, der vi framleis finn eitt av Nord-Europas største elgtrekk. Vi syner her elles til Miljødirektoratets faggrunnlag om pattedyr, og artanes sårbarheit, herunder hjortevilt. I umiddelbar nærleik til trekket er det hausten 2018 funne hellemåleri som er 4000 til 6000 år gamle.

Området er av Riksantikvaren klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA), på grunn av dei mange godt bevarte kulturminna. Riksantikvaren peiker på fare for slitasje og skade på kulturminna ved auka næring og turisme i området.


Gudbrandsdalsmusea utarbeider for tida ein kulturminneplan for kommunane Sør-Fron, Nord-Fron og Gausdal, med tema setermiljø og kulturminner i utmark. Her, og i

Adresse Sør-Fron kommune Kommunevegen 1 2647 Sør-Fron	Telefon 61 29 90 00 Telefax 61 29 90 01	E-post postmottak@sor-fron.kommune.no Web www.sor-fron.kommune.no	Bankkonto 2095.07.72973 Org. nr. 941 827 195	Saksbehandlar Grete Hølmen, arealplanlegger Dir. telefon 61 29 90 60
---	--	--	---	---


ein kulturminner rapport frå 2015, er det omtalt fleire automatisk freda kulturminne, samt fleire kulturminne av stor regional verdi. Innafor område 8 ligg også Solbråsetra, Prestgardssetra og Valseter pensjonat, som anten er freda eller under fredningsvurdering.

Heile område 8 er eit svært mykje brukt tur- og rekreasjonsområde, med lett tilgjengeleg turterreng i urørt natur. På heile vestsida av Gudbrandsdalslågen, som område 8 omfattar, er det kilometervis med samanhengande turløyper og skiløyper, som er svært mykje brukt, både av tilreisande og fastbuande. Dette har stor innverknad både på nærings- og reiseliv og ikkje minst på folkehelse.

Delen av område 8 som gjeld for Sør-Fron kommune er innafor nedslagsfeltet til 2 varig verna vassdrag; Gausa og Espedalsvatnet/Breisjøen. Vernegrnlaget for Gausa er mellom anna at det ligg i sentrale delar av eit attraktivt landskap med preg av vidder, fjellområde, dalsider og dalbotn. Gausas nedbørsfelt har eit rikt planteliv og inneheld eit stort antal vegetasjonstypar. Øvre del av vassdraget (Ruten/Børkdalsfjellet) har relativt urørte område. Fleire av fjellpartia brukast i turist- og rekreasjonssamheng. Dei store friluftslivs- og rekreasjonsinteressane i nedbørsfeltet var hovudgrunn for vern i 1980. Det er også fleire naturreservat innafor nedbørsfeltet. Syner elles til Miljødirektorates faggrunnlag om friluftsliv, naturtypar og samanhengande naturområde.




Bilde 1: Verna vassdrag Gausa og Espedalsvatnet/Breisjøen innafor Sør-Fron kommune sin aktuelle del av analyseområde 8.



Bilde 2: Verna vassdrag saman med harde og mjuke eksklusjonar for Sør-Fron kommune sin aktuelle del av analyseområde 8

Ruten, eit av Sør-Fron kommune sitt høgaste fjell, og nordre delar av Børkdalsfjellet ligg framleis innafor 1-3 km frå inngrepsfrie omåder (INON) – det er også denne delen innafor område 8 som ser ut til å vera potensielt område for vindkraft. Som eit attraktivt turområdet meiner Sør-Fron kommune at henynet til friluftsliv må bere tungt i den vidare kartleggjinga innafor analyseområde 8.



Bilde 3: Viser INON-område og verneområder i Espedalen og Børkdalsfjella.

Med helsing

Grete Hølmen
arealplanlegger

Godkjent elektronisk og ekspedert utan underskrift, iht interne rutinar.

Kopi til:

Gausdal kommune
Gudbrandsdalsmusea AS
Nord-Fron kommune
Ringebu kommune

Vestringsvegen 8
Hundorpgeilen 12
Nedregata 50
Hanstadgata 4

2651 ØSTRE GAUSDAL
2647 SØR-FRON
2640 VINSTRA
2630 RINGEBU